

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 16.10.2003 **Tid:** 16.00-18.50

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 21 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Heidi Fossdal

Øyvind Røen til og med sak 35/03

Peder Johan Totland

Sigmund Dyrhovden kom til under handsaminga av sak 32/03, kl.17.05.

I staden møtte:

Bjarne Våge

Audhild Aadland Olsnes til og med sak 35/03

Liv Berit Kvernes Khadoor

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef Ramsli, Ass.adm.sjef Våge.

Merknader: Interpellasjon frå Berit Hernes.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 20. oktober 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Ole Totland stilte spørsmål om vegvesenet sin kjennskap til kommunen sin trafikksikringsplan. Han viste særleg til lyssituasjonen i Haukanestunnelen.

Ass.ad.sjef orienterte om at trafikksikringsplanen er under trykking, og at kommunen vil kalla vegvesenet inn til eit møte for å gå igjennom dei ulike tiltaka i planen, med særleg fokus på dei foreslåtte tiltaka for neste budsjettår, 2004.

Arne Jørgenesen bad om at kommunestyret får ei liste/oversikt over ikkje gjennomførte tiltak. Kommunestyret ønskjer og oversikt over alle planar som er vedtekne. Desse bør leggjast fram i samband med handsaming av budsjettet for 2004.

Ordførar orienterte om at ei slik liste skal leggast fram til neste møte, og at det i samband med årsmeldinga var gitt rapport for 2002. Alle nye kommunestyrerepresentantar vil få ein planperm, og det vil verta ein gjennomgang av desse.

Jon Magne Bøgevik viste til at kontrollutvalet har bedt om at liste over ikkje gjennomførte vedtak skal leggjast ved årsmeldinga.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Kontrollutvalet – møtebøkene for kontrollutvalet for juni og september var sendt ut som melding.

Politirapport vedk. omorganisering av politidistrikt vert sett på dagsorden til neste møte. Sal av Marienlund. Det vart orientert om at kommunen har seld Marienlund for 1.2 mill. kroner.

Budsjettsituasjonen for 2004 vil verta orientert om til det nyvalde kommunestyret.

HANDSAMING AV INTERPELLASJON FRÅ BERIT HERNES.

Berit Hernes har i interpellasjon datert 09.10.03, til kommunestyret i Samnanger stilt spørsmål til ordførar:

”Eg bed om at ordføraren set flytting av stolpane skulehus på kartet som ein interpellasjon om å ta stadvalet opp att til ny vurdering i kommunestyret.”

Hernes grunngev: at mykje er tapt for notid og ettertid viss ikkje dette kulturminnet blir plassert i tilknytning til eit skulemiljø. Slik kan det vera eit ”levande” museum og bli brukt aktivt til undervisningsføremål.

Fakta i saka:

Saka har vorte handsama i oppvekst og omsorg 1. gang i sak 10/01. Dei vedtok å plassera Stolpane skulehus ved Nordbygda skule. Utvalet handsama saka på nytt i sak 16/03 etter søknad frå oppsitjarane på Ådland om å plassera skulehuset på Neset på Ådland.

Oppvekst og omsorg drøfta på nytt under utvalet sitt kvarter den 03.09.03 om dei skulle ta saka oppatt på nytt eller oppretthalda vedtaket. Utvalet valde å oppretthalde vedtaket i sak 16/03.

Svar frå Ordførar:

Berit Hernes har som kommunestyrerepresentant høve til skriftleg å senda interpellasjon til ordførar over prinsipielle spørsmål. Ordførar ber med dette kommunestyret ta stilling til om plassering av Stolpane skulehus skal takkast opp til ny vurdering i kommunestyret. Simpelt fleirtal avgjer om saka skal handsamast og utgreiast på nytt.

Handsaming: Av 20 repr. røysta 12 for og 8 imot at saka skal takast opp på nytt.

Vedtak: Plassering av Stolpane skulehus vert handsama på nytt i kommunestyret.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0031/03	02/00427 REGULERINGSPLAN HYTTEFELT SVENSDAL GNR 34/2.
0032/03	03/00012 LØNSPOLITISK PLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE
0033/03	03/00261 PSYKIATRIPLAN 2004 - 2007
0034/03	03/00276 OPPNEMNING AV DYREVERNSNEMND.
0035/03	03/00332 SAMARBEIDSAVTALE MED BERGEN KOMMUNE OM INNKJØP
0036/03	97/00419 BYGDEBOK - AVSLUTTING

0031/03

REGULERINGSPLAN HYTTEFELT SVENSDAL GNR 34/2.**Framlegg til vedtak::**

Reguleringsplan for hyttefelt Svensdal gnr. 34 bnr. 2 dagsett 28.03.03 med føresegner vert vedteke slik han ligg føre.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Reguleringsplan for hyttefelt Svensdal gnr. 34 bnr. 2 dagsett 28.03.03 med føresegner vert vedteke slik han ligg føre.

0032/03

LØNSPOLITISK PLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE**Framlegg til vedtak::**

Forslaget til lønspolitisk plan for Samnanger kommune m/vedlegg vert vedtatt slik han ligg føre med fylgjande tillegg under pkt. 6: Ynskjer å få vurdert ein lønsutviklingsplan for lavlønsgroppene – frå 20 års ansiennitet og oppover.

Handsaming i møte:

Sigmund Dyrhovden kom til under handsaming av saka.

Kristian Jørgenesen bad om gruppemøte, og møtet vart mellombels heva.

AP v/Margot Hisdal sette fram følgjande framlegg:” Ufaglært og fagarbeidarar med 15 års ansiennitet, får eit tillegg på kr. 6.000,-. frå 01.01.04.”

Det vart røysta alternativt over framlegg til vedtak og framlegget frå Hisdal.

Hisdal sitt framlegg fekk 7 røyster og vart ikkje vedteke.

Vedtak:

Forslaget til lønspolitisk plan for Samnanger kommune m/vedlegg vert vedtatt slik han ligg føre med fylgjande tillegg under pkt. 6: Ynskjer å få vurdert ein lønsutviklingsplan for lavlønsgroppene – frå 20 års ansiennitet og oppover.

0033/03

PSYKIATRIPLAN 2004 - 2007**Framlegg til vedtak::**

Framlegg til psykiatriplan for Samnanger kommune for 2004 - 2007 vert vedteken slik han ligg føre med endringar i handlingsplanen slik dei kjem fram i vedlegg dagsett 01.10.03.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Framlegg til psykiatriplan for Samnanger kommune for 2004 - 2007 vert vedteken slik han ligg føre med endringar i handlingsplanen slik dei kjem fram i vedlegg dagsett 01.10.03.

0034/03

OPPNEMNING AV DYREVERNSNEMND.**Framlegg til vedtak::**

Ove Aasebø vert Samnanger kommune sitt medlem i interkommunal dyrevernsmnd med Anne Frøland som varamedlem.

Handsaming i møte:

Ove Aasebø har bedt om fritak.

Ordførar sette fram forslag til Svein Gjerde som nytt medlem.

Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Svein Gjerde vert Samnanger kommune sitt medlem i interkommunal dyrevernsmnd med Anne Frøland som varamedlem.

0035/03

SAMARBEIDSAVTALE MED BERGEN KOMMUNE OM INNKJØP**Tilråding:**

Personal- og økonomiutvalet ber om at Samnanger Næringsforum gir uttale i saka før den vert endeleg handsama.

Handsaming i møte:

Uttale frå Samnanger Næringsforum vart delt ut på møtet saman med eit skriv frå Bergen kommune, innkjøpsavdelinga der det vart gjort greia for eit par endringar i avtaleutkastet. Framlegg til avtale med endringane som skissert i skriv av 10.10.2003 vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Inngått samarbeidsavtale om innkjøp mellom Bergen kommune og Samnanger kommune av 28.08.99 opphøyrrer frå 01.01.2004.

Samnanger kommune inngår ny samarbeidsavtale om innkjøp mellom Bergen kommune og Samnanger kommune gjeldande frå 01.01.2004.

0036/03

BYGDEBOK - AVSLUTTING

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune ønskjer ikkje å forfølgja Jan Oldervoll økonomisk for kontraktsbrot.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune ønskjer ikkje å forfølgja Jan Oldervoll økonomisk for kontraktsbrot.